



Byggmester Terje Kleivdal
Vassbygdvegen 119
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/273 - 16/2414

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:
27.01.2016

Ferdigattest sauefjøs - gbnr 183/2 Kleivdal

Administrativt vedtak. Saknr: 058/16

Tiltakshavar: Terje Kleivdal, 5916 Isdalstø
Ansvarleg søkjar: Byggmester Terje Kleivdal, 5912 Seim
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Det vert vist til tidlegare utsendt vedtak om ferdigattest for tilbygg datert 25.01.2016 på denne eigedommen. Dette vart diverre sendt ut feil og utgår.

Ansvarleg søkjar/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka datert 11.07.2012.
Det vert elles vist til søknad motteken 14.01.2016.

Skildring

Adresse:	Kleivdalsvegen 493
Bygningstiltak:	Hus for dyr/landbruk
Bygningsnummer:	300321813
Bruksareal:	207m ²
Vatn:	Kommunalt

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for sauefjøs på gnr. 183, bnr. 2. Bygningen må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 16/273

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg
sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Byggmester Terje Kleivdal

Vassbygdvegen 5912
119

SEIM